



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

Oppdatert 03.01.2018



## Innhold

1. Faste godtgjersler.....	1
1.1. Fylkesordføraren.....	1
1.2. Fylkesvaraordføraren.....	1
1.3. Andre folkevalde.....	1
1.4. Frikjøpte folkevalde.....	1
1.5. Gruppeleiarane i partia.....	2
1.6. Reduksjon i fast godtgjersle.....	2
1.7. Fast godtgjersle til varamedlem.....	2
2. Møtegodtgjersle.....	2
2.1. Gruppeinndeling for møtegodtgjersla.....	2
2.2. Telefonmøte.....	2
2.3. Fleire møte same dag.....	2
2.4. Dobbelt møtegodtgjersle.....	3
2.5. Arbeidstakarrepresentantar.....	3
2.6. Unntak frå møtegodtgjersla og presiseringar.....	3
2.7. Fullmakt til fylkesutvalet.....	3
3. Vederlag for tapt inntekt.....	3
3.1. Vederlag.....	3
3.2. Kven får vederlag.....	3
3.3. Kva vederlaget skal dekkje.....	4
3.4. Sjølvstendig næringsdrivande.....	4
3.5. Unntak.....	4
3.6. Folkevald tilsett i fylkeskommunen.....	4
4. Godtgjersler ved deltaking på kurs, generalforsamlingar, gruppemøte m.v.....	4
4.1. Kurs, generalforsamlingar m.v.....	4
4.2. Synfaringar o.a. arbeid utanfor møta.....	5
4.3. Gruppemøte.....	5
5. Vederlag for påførde utgifter.....	5
5.1. Generelt.....	5
5.2. Nærare om omsorgsansvar.....	6
6. Skyss- og kostgodtgjersler m.v.....	6
7. Utgifter til telefon og breiband.....	6
7.1. Telefon.....	6
7.2. Breiband.....	6
8. Pensjonsmedlemskap og forsikringar.....	6
8.1. Medlemskap i KLP.....	6
8.2. Tap av pensjonsrettar.....	6
8.3. Gruppelivsforsikring.....	7
8.4. Reiserforsikring.....	7
9. Ordningar for fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren.....	7
9.1. Husvære.....	7
9.2. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.....	7
10. Politikardagar.....	7
11. Ettergodtgjersle.....	7
12. Innlevering av reiserekning m.v.....	7
13. Regulering av godtgjerslene og vederlaga.....	8
14. Papirlause politiske møte.....	8
15. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde.....	8

Reglementet er utarbeidd med grunnlag i kommunelova §§ 41, 42 og 43.

Det er i eige regulativ fastsett kronesatsar for dei ulike godtgjerslene og vederlaga. Regulativet følgjer som vedlegg til dette reglementet.

## **1. Faste godtgjersler**

### **1.1. Fylkesordføraren**

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.

Godtgjersla vert elles i valperioden regulert i samsvar med pkt 13 nedanfor.

### **1.2. Fylkesvaraordføraren**

Godtgjersla skal utgjere 85 % av fylkesordføraren si faste godtgjersle.

### **1.3. Andre folkevalde**

Følgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler:

- Fylkestingmedlemene
- Fylkesutvalmedlemene
- Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Leiarane for:
  - Fagopplæringsnemnda
  - Eldrerådet
  - Fylkesrådet for funksjonshemma
  - Trafikktryggingsutvalet
  - OKOS
  - Styret for fagskuleutdanninga

Leiarar i andre råd og utval som har fast godtgjersle får ikkje utbetalt møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Godtgjerslene er fastsette i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med pkt 11 nedanfor.

I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan utvalsleiar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar. Avgjerda skal takast av fylkesutvalet

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsette eventuelle godtgjersle til leiarar i andre utval.

### **1.4. Frikjøpte folkevalde**

Fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og eventuelt andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler på minst 50 % av fylkesordføraren gi godtgjersle, skal reknast for å vere frikjøpte. Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan.

Frikjøpte får likevel godtgjersle som gruppeleiar i partia.

Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar.

### 1.5. Gruppeleiarane i partia

Godtgjersle til gruppeleiarane i partia er fastsett i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med pkt 11 nedanfor.

Gruppeleiarar som møter i planutval/ finansutval og som ikkje har fast godtgjersle som leiar i eit hovudutval eller som fylkesutvalsmedlem, skal har rett til møtegodtgjersle etter gruppe 1.

### 1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvalet har i løpet av kalendaråret skal den faste godtgjersla reduserast med 50 %.

For folkevald som har tenestefri frå fylkestingvervet i minst tre månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

### 1.7. Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som deltek i minst 1/3 av utvalet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til den han er varamedlem for.

Varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta, skal ha full fast godtgjersle.

## 2. Møtegodtgjersle

### 2.1. Gruppeinndeling for møtegodtgjersla

For medlemmer i folkevalde organ, med unnatak av dei som er nemnde i pkt 2.6 nedanfor, vert det utbetalt møtegodtgjersle etter to grupper. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag.

Satsane er fastsette i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med pkt 13 nedanfor.

#### Gruppe 1 gjeld:

Fylkestinget, "politikardagar", møtande varamedlem i fylkesutvalet, møtande medlem og varamedlem i hovudutvala, kontrollutvalet og Vestlandsrådet.

#### Gruppe 2 gjeld:

Andre utval, råd, prosjektkomitear m.v.

Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.v. får møtegodtgjersle etter denne gruppeplasseringa når slik godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

### 2.2. Telefonmøte

Ved telefonmøte og nettmøte i folkevalde organ frå heim/arbeidsplass skal møtegodtgjersla etter punkt 2.1 utbetalast med 50 %.

### 2.3. Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire møte same dag, har dei berre rett på møtegodtgjersle for eitt møte, dvs det møtet som har den høgaste godtgjersla.

## 2.4. Dobbel møtegodtgjersle

Utvalsleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbel møtegodtgjersle.

Nestleiar eller andre som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær får dobbel møtegodtgjersle.

## 2.5. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

## 2.6. Unntak frå møtegodtgjersla og presiseringar

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til følgjande:

- Frikjøpte politikarar, jfr pkt 1.4 ovanfor
- Medlemene i fylkesutvalet
- Leiarane for hovudutvalet og kontrollutvalet

Fylkesutvalmedlemene, med unntak av dei som er frikjøpte, får møtegodtgjersle for verv i andre utval enn fylkesutvalet, herunder møta i fylkestinget.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar etter § 4 i reglementet for fylkesutvalet, t.d funksjonen som finansutval, fylkesplanutval og klagenemnd.

Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte i finansutval og planutval der dei møter i funksjon som hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar

## 2.7. Fullmakt til fylkesutvalet

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetje gruppeplassering for nye utval, endre plasseringa innan gruppene og avgjere om det skal betalast møtegodtgjersle for spesielle utgreiingsoppgåver m.v. som vert utført av hovudutvala.

# 3. Vederlag for tapt inntekt

## 3.1. Vederlag

Folkevald skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av ombodet, jfr likevel unntaket i pkt 3.5 nedanfor.

Det gjeld *ein* sats for legitimert tap og *ein* sats for ulegitimert tap, jfr vedlagde regulativ.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap.

## 3.2. Kven får vederlag

Vederlag kan givast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. husmødre, studentar og pensjonistar.

### 3.3. Kva vederlaget skal dekkje

Satsane i regulativet skal dekkje tapt inntekt og feriepengar. Pensjonspremie skal ikkje dekkjast.

Dersom arbeidsgivaren ikkje trekkjer i løna, kan det avtalast at vederlaget skal utbetalast til arbeidsgivaren som då må fremje refusjonskrav overfor fylkeskommunen. I slike tilfelle kjem arbeidsgivaravgifta i tillegg til satsane.

For å få fullt vederlag krevst at fråværet har vara minst seks timar i tida mellom kl 0700 og kl 1900. For kortare fråver vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda oppover til næraste heile time.

Fylkesrådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

### 3.4. Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærver på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget.

Inntektstapet pr dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

### 3.5. Unnatak

Vederlag for tapt inntekt vert ikkje gitt til frikjøpte politikarar, jfr pkt 1.4 ovanfor, til medlemmer av fylkesutvalet og leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet får vederlag for tapt inntekt for møte i andre utval enn hovudutvala og kontrollutvalet.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje vederlag for tapt inntekt for møte som følgjer av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar etter § 4 i reglementet for fylkesutvalet, t.d funksjonen som finansutval, fylkesplanutval og klagemennd.

### 3.6. Folkevald tilsett i fylkeskommunen

Fylkeskommunal folkevald som er tilsett i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen.

Ved fråver utover 10 dagar pr år kan vedkomande institusjon krevje refusjon for evt vikarutgifter. Refusjonskrav vert å sende fylkesrådmannen.

## 4. Godtgjersler ved deltaking på kurs, generalforsamlingar, gruppemøte m.v.

### 4.1. Kurs, generalforsamlingar m.v.

Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar m.v. som vert arrangerte av fylkeskommunen vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det same gjeld for valde utsendingar til generalforsamlingar, årsmøte m.v.

Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte m.v. som

vert arrangerte av andre enn fylkeskommunen vert det ikkje betalt møtegodtgjersle, men det vert gitt vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte m.v. skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.

Møtegodtgjersle etter dette punktet vert likevel ikkje gitt til dei som går inn under unnataka i pkt 2.6.

Vederlag for tapt inntekt etter dette punktet vert likevel ikkje gitt til dei som går inn under unnataket i pkt 3.5.

#### **4.2. Synfaringar o.a. arbeid utanfor møta**

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av det samla utvalet, vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Det same gjeld når utvalet, fylkesordføraren eller fylkesrådmannen har bede om at ein eller fleire medlemmer foretek synfaring.

Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

Møtegodtgjersle etter dette punktet vert likevel ikkje gitt til dei som går inn under unnataka i pkt 2.6.

Vederlag for tapt inntekt etter dette punktet vert likevel ikkje gitt til dei som går inn under unnataket i pkt 3.5, og heller ikkje til fylkesutvalmedlemene og leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet.

#### **4.3. Gruppemøte**

Gruppemøte som vert haldne i fylkestinggruppene før opninga av fylkestinget, og ved møte i gruppene i fylkesutvalet før fylkesutvalsmøta, vert rekna som ein del av fylkestingmøtet/fylkesutvalsmøtet og gir ikkje grunnlag for eigne godtgjersler.

Ved deltaking på gruppemøte mellom tingseta, politikardagane, vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Ved gruppeleiar møte som ein del av saksførebuing og som vert halde utanom den vedtekne møteplan, vert det utbetalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss- og kostgodtgjersle.

Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

## **5. Vederlag for påførde utgifter**

### **5.1. Generelt**

Folkevald skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet.

Det gjeld *ein* sats for legitimerte utgifter og *ein* sats for ulegitimerte utgifter, jfr vedlagde regulativ.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stedfortredar, barnetilsyn og stell av sjuke og eldre.

## 5.2. Nærare om omsorgsansvar

Dekking av utgifter til nødvendig tilsyn kan givast til folkevald som har omsorgsansvar for barn under 12 år, eldre, uføre eller funksjonshemma.

Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

## 6. Skyss- og kostgodtgjersler m.v.

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet.

Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfeller gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.

Fylkestingmedlemer som bur heime eller privat under tingseta, skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som *ei* samanhengande reise.

## 7. Utgifter til telefon og breiband

### 7.1. Telefon

Fylkeskommunen held mobiltelefon for fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren, og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jfr elles fylkeskommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

Fylkestingmedlemene elles og leiaren for kontrollutvalet får ei fast telefongodtgjersle pr år, jfr vedlagde regulativ

### 7.2. Breiband

Fylkestingmedlemene skal ha ei årleg godtgjersle til dekking av utgifter til breiband, jfr vedlagde regulativ. Dei ordnar sjølve med tinging og vedlikehald av breibandet.

## 8. Pensjonsmedlemskap og forsikringar

### 8.1. Medlemskap i KLP

Folkevalde som er frikjøpte, jfr pkt 1.4, og andre som har godtgjersle på minst 35 % av kr 644 400,- skal ha medlemskap i Kommunal Landspensjonskasse.

For å rekne ut storleiken på vervet tek ein utgangspunkt i ein stillingsstorleik som følgjer av summen av dei faste godtgjerslene og dei gjennomsnittlege møtegodtgjerslene sin andel av kr 644 400,-

### 8.2. Tap av pensjonsrettar

Folkevald som vil tape pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremien som må betalast for å oppretthalde pensjonsmedlemskapen.

Det vert ikkje gitt refusjon når pensjonsmedlemskap knytt til det politiske vervet minst kompenserer for det tap i ytingar som manglande innbetaling av tilleggspremie vil resultere i. Ved berre delvis tap i ytingar etter ei slik samordning skjer det ei høvesvis avkorting i refusjon av tilleggspremie.



### **8.3. Gruppelivsforsikring**

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i KLP er også dekkja av fylkeskommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap 1, § 10.

### **8.4 Reiseforsikring**

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld for tenestereiser og kunn desse.

## **9. Ordningar for fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren**

### **9.1. Husvære**

Det skal stillast møblert husvære til disposisjon vederlagsfritt for fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren dersom dei ønskjer å bu i Leikanger i periodar.

### **9.2. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.**

Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal få dekkja reiseutgiftene frå heimen og til kontoret, tur-retur/til oppmøtestaden. Utgifter til evt hotellovernatting i Leikanger skal også dekkast.

## **10. Politikardagar**

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget skal, med utgangspunkt i innkalling frå fylkesordføraren, ha høve til å møte på politikardagar dersom det vert handsama saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekkja utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt.

## **11. Ettergodtgjersle**

Folkevald som har hatt verv på minst halv tid og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, skal utbetalast ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.
- Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv månad.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, evt differansen mellom denne og ny godtgjersle.

## **12. Innlevering av reiserekning m.v.**

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag skal sendast sekretariata seinast tre månader etter at møtet er halde.

Fylkesrådmannen avgjer om vesentleg brot på denne fristen skal medfører at reiserekninga skal reknast for å vere forelda.

Utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

### **13. Regulering av godtgjerslene og vederlaga**

Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i vedlagde regulativ skal regulerast kvart år pr 1. januar.

Reguleringane skal skje med same prosentsats som årslønsveksten i det kommunale tariffområdet med verknad pr. 1. januar det påfølgande året.

### **14. Papirlause politiske møte**

Frå og med 1. januar 2012 vart det innført ei ordning med papirlause politiske møte. Ordninga omfattar fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, trafikktryggingsutvalet og kontrollutvalet.

Partia sine sekretariat må få tilbod om å kunne bli knytt opp mot ordninga. Desse dekkar kostnader med maskinvare m.m. sjølve.

### **15. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde**

Godtgjersle til dei folkevalde - endring frå 01.01.2018

Ifølgje § 13 i reglementet for dei folkevalde sine arbeidsvilkår skal godtgjerslene og vederlaga regulerast kvart år per 1. januar.

Reguleringa skal skje med same prosentsats som årslønsveksten i det kommunale tariffområdet. Lønsveksten i 2017 var 2,4 prosent.

Dei nye satsane vert:

#### **1. Faste godtgjersler pr. år:**

Fylkesordføraren	kr 1 129 500,-
Fylkesvaraordføraren (85 prosent av godtgjersla til fylkesordføraren)	kr 960 000,-
Fylkestingsmedlemene (minus fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren) 5,5 prosent av grunnsummen pr. 01.01.2018 kr 644 400,-	kr 35 400,-
Fylkesutvalsmedlemene (minus fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren) 37 prosent av grunnsummen pr. 01.01.2018 kr 644 400,-	kr 238 400,-
Leiarane i hovudutvala 30 prosent av grunnsummen pr. 01.01.2018 kr 644 400,-	kr 193 300,-
Leiaren i kontrollutvalet 30 prosent av grunnsummen pr. 01.01.2018 kr 644 400,-	kr 193 300,-

Leiarane for:

- Fagopplæringsnemnda
- Fylkesrådet for eldre
- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Trafikktryggingsutvalet
- Tilsvarande råd, nemnder og utval

5 prosent av grunnsummen pr. 01.01.2018 kr 644 400,- kr 32 220,-

Desse leiarane får ikkje utbetalt møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane i partia:

Inntil 5 medlemmar i fylkestinget 13 prosent av grunnsummen kr 644 400,- kr 83 750,-

6-11 medlemmar i fylkestinget 14,5 prosent av grunnsummen kr 644 400,- kr 93 450,-

Fleire enn 11 medl. i fylkestinget 15,5 prosent av grunnsummen kr 99 900,-  
kr 644 400,-

Telefongodtgjersle kr 2 884,-

Dekking av utgifter til breiband kr 2 451,-

## **2. Godtgjersle og vederlag pr. møtedag:**

Møtegodtgjersle gruppe 1	kr 1 410,-
Møtegodtgjersle gruppe 2	kr 940,-
Vederlag for ulegitimert tap i inntekt	Inntil kr 1 780,-
Vederlag for legitimert tap i inntekt	Inntil kr 3 340,-
Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter	Inntil kr 1 400,-
Vederlag for påførde legitimerede utgifter	Inntil kr 2 580,-



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmann  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsidedfoto: Oskar Andersen